

Høyringsuttale vedk. Byggeprogram Dale barne- og ungdomsskule.

Vaksdal Musikkråd (VMR) har i utvida styremøte 15. august-17 gått gjennom byggeprogram for Dale barne- og ungdomsskule, og har einstemmig vedteke å koma med følgjande uttale til byggeprogrammet:

VMR har i sin gjennomgang av byggeprogrammet hatt hovudfokus på Kultur- og samfunnsfunksjonar, og stiller seg positive til utkastet som er lagt fram. VMR meiner kulturen i kommunen her vil få ein etterlengta kultursal som vil tilfredsstilla behov - publikumskapasitet og akustikk - som ein pr. i dag ikkje har i eksisterande samfunnssalar i kommunen.

VMR går ut frå at "storsalen", kultursalen og aktivitetsrom tilsaman vil ha plass til 250 personar som publikum samstundes som kor/korps er på scenen.

Løysninga med skyvedør mellom kultursal og aktivitetsrom må få ei løysning som gjer at desse romma akustisk sett blir oppfatta som eit, og som er tilpassa kor, korps og andre sceniske framføringar.

Lagerrom i tilknytning til kultursal bør vera på min. 30 kvm.

Stanghelle, 20.08.17  
Vaksdal Musikkråd  
Ole Hesjedal / leiar